





Norges
vassdrags- og
energidirektorat

KTI-notat nr. 77/2007 – Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Hardanger Industripark AS/Uttak av grunnvatn		Middelthuns gate 29
Fylke/kommune:	Hordaland/Ullensvang		Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 	Telefon: 22 95 95 95 Telefaks: 22 95 90 00 E-post: nve@nve.no Internett: www.nve.no
Saksbehandlere:	Ivar Sægrov/Katarzyna Eftevand	Sign.: 	Org. nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 0827 10 14156
Dato:	05 DES 2007		
Vår ref.:	NVE 200701544-15		
Sendes til:	Søkjar og alle som har gitt uttale til søknaden		

Søknad om løyve til grunnvassuttak på Reisæter i Ullensvang herad

Innhald

Søknaden	1
Handsaming av søknaden	8
Synfaring i tiltaksområdet og etterfylgjande innspel	9
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	10
NVE si vurdering	13
Konklusjon	14

NVE meiner fordelane ved det omsøkte tiltaket er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser. Kravet etter vassressurslova § 25 er såleis oppfylt og NVE gir Hardanger Industripark AS løyve etter § 8 i vassressurslova til å ta ut grunnvatn som søkt om frå kjeldeområdet på Reisæter på dei vilkår som er fastsett i løyvet.

Søknaden

NVE har motteke fylgjande søknad frå Hardanger Industripark AS (HIAS), datert 31.05.2007.

1. Søklar

Hardanger Industripark AS
Eitrheimsvegen 18
5750 Odda
Styreformann Tom Berge
Org.nr 989323822

Hardanger Industripark AS er eigd av Ullensvang herad (50 %) og Røynstrand Eigedom AS (50 %). Selskapet er skipa for å skapa nye arbeidsplassar i ein nedlagd fabrikk på Hovland i Ullensvang kommune.

2 Søknaden gjeld

Hardanger Industripark AS søker med dette om konsesjon for uttak av grunnvatn etter Vannressurslovas § 8. Søknaden gjeld uttak frå eit kjeldeområde på Reisæter i Vikebygd, Ullensvang Herad.

Hardanger Industripark AS søker om konsesjon til å ta ut opptil 100 m³ pr time frå grunnvasskjeldene.

Søklar har inngått avtale med grunneigar om uttak av vatn frå eigedomen.

3 Grunngeving for tiltaket

Hardanger Industripark AS planlegg uttak av grunnvatn for salg som mineralvatn.

Hardanger Industripark AS er eigar av ein fabrikk som skal byggjast om til eit tappeanlegg for mineralvatn. Som kjelde til anlegget skal det nyttast grunnvatn frå eit kjeldeområde på Reisæter i Ullensvang herad. Tiltaket vil medføra oppretting av ca. 20-25 arbeidsplassar. Regionen har stort behov for nye industriarbeidsplassar etter at store bedrifter er lagt ned dei seinare åra.

Tiltaket har brei politisk støtte, både frå Ullensvang herad og frå Hordaland Fylkeskommune.

I planlegginga av prosjektet er det gjeve støtte frå Hordaland fylkeskommune.

4 Omtale av prosjektet

Grunnvatn som kjem fram i ei rekkje kjelder på Reisæter Gnr/Bnr 53/3, Ullensvang, skal samlast og førast til eit tapperi på Hovland i Ullensvang herad (fig. 1). På tapperiet skal vatnet fyllast på flasker. Teknisk infrastruktur for å kunna få lasta ferdig produkt på båt er under opparbeiding. Flaskevatnet er planlagt for den europeiske marknaden.

5 Teknisk plan

Teknisk plan er under utarbeiding.

Vasskjeldene som skal utnyttast ligg på Reisæter i Ullensvang herad. Det er planlagt å bruka fleire kjelder som vert samla opp og ført i vassleidning til tappeanlegget. Kjeldene ligg på vestsida av Sørffjorden, og tappeanlegget ligg på austsida. For å få vatnet fram til tapperiet, må det leggjast ein 6 km vassleidning som også skal kryssa Sørffjorden. For å ha naudsynt utvidingskapasitet og tryggleik for levering, vil det verta etablert to parallelle vassleidningar.

I området der vassinntaket er planlagt er det om lag 10 kjeldeutslag. Nokon av kjeldene er tydelige, andre er diffuse utsig. Kjeldene ligg i nedkant av ei svært blokkrik ur. Undersøkingar har vist god vasskvalitet i tørrver, men i regnperiodar er det påvist bakteriar i vatnet.

Inntaksarrangement vil verta tilpassa om ein må dekkja til ura for og hindra innsig av regnvatn, eller om det er mogeleg å ta ut vatnet frå borhol. Det er planlagt å ta ut vatnet frå horisontale brønnar, uttaket skal ikkje overstiga det som i dag drenerer ut frå kjeldene. Tiltaket vil derfor ikke kunna overbelasta grunnvassmagasinet.

Inntaksarrangementa vil verta lite synlige. Boringane vil verta utført så snart det let seg praktisk gjera.

Det er stor høgdeskilnad på leidningstraseen, det vil derfor verta etablert tre trykkreduksjonsventilar mellom kjeldeområdet og fjorden. Den planlagte traseen er vist i figur 2. På tappeanlegget er det planlagt utjamningsbasseng for å kunna jamna ut forbruket og for å ha ein beredskap i tilfelle teknisk svikt. Det er planar om eit minikraftverk i området, det kan vera aktuelt å samarbeida om ca 300 m av leidningstraseen for å redusera terrenginngrepa og kostnader.

Under anleggsarbeid vil ein i stor grad ha tilkomst via landbruksvegar/skogsvegar. Mellom eksisterande vegar vil arbeid/transport føregå langs leidningstraseen. Ein del skog må fjernast langs traseen. Det er samarbeid mellom Hardanger Industripark AS og grunneigarane om leidningstraseen.

Produksjonen er planlagt med ei gradvis utbygging. Produksjonen i 2008 er planlagt til 22 mill liter, i 2009, 70 mill liter og i 2010, 100 mill liter. Planane vil verta tilpassa tilgang på vatn og vasskvalitet.

6 Det undersøkte området

6.1 Landskap

Området er ein del av eit karakteristisk fjordlandskap mellom høgfjell og fjord. Landskapet generelt er kjenneteikna ved bratte austvendte dalsider

Området ligg tett opptil Folgefonnhalvøya nasjonalpark. Nedre grense for nasjonalparken ligg 20-100 m ovanfor planlagt inntakspunkt. Tiltaksområdet på vestsida av fjorden i eit landskap som skil seg ut frå det typiske landskapet i området. På Reisæter stig terrenget raskt opp til ca 300 m o.h. for deretter å flata ut. Frå Reisæter og inn mot fjellsida i vest har landskapet ei botnform.

Tiltaket inneber ikkje at landskapet ikkje vert endra. I kjeldeområdet er det no ein traktorveg. Denne vil verta utbetra for å koma til med anleggsmaskiner og for å letta tilkomsten for vanleg tilsyn- og vedlikehaldsarbeid.

Kjeldene ligg skjerna frå innsyn. I den grad det er naudsynt med overbygg over kjeldene eller vern av kjeldepunkta vil dette verta tilpassa landskapet. Kjeldene ligg i beitemark med spreidd lauvskog. Vanleg vern av grunnvasskjelder inneber t.d. inngjerding av områda nærast uttakspunkta. I dette området vert det ikkje tillaten anna aktivitet enn det som er naudsynt for drift av anlegget. Klausuleringsområdet for kjeldene vil verta utarbeidd når inntaksarrangementet er klarlagt.

6.2 Arealbruk

Området ved kjeldene er nytta til beitemark og sporadisk vedhogst føregår. Vassleidningen vil kryssa dyrka mark og skogsområde.

Området er LNF-område i heradet sin arealplan

Det er søkt om dispensasjon frå heradet sin arealplan

6.3 Vassdrag

Tiltaket ligg i nedbørsfeltet til Bleieelva, 048.2A

I nedbørsfeltet er det to dominerande elvar, Bleieelvi og Strutåna. Frå kjeldene renn det ein mindre bekk som renn saman med hovudelvane etter 1000 m

6.4 Berggrunnsgeologi

Berggrunnen i området består av ulike typar grunnfjellsbergarter

Kartet viser at kjeldene på Reisæter ligg like under grensa mellom ein Monzodioritt/tonalitt som vert kalla Revevassplutonen, og ein granittisk gneis. Fleire skyvegrensar/forkastningar av prekambrisk alder ligg nord for kjeldeområdet. Kart og flybilete viser markante lineament som er potensielle strømningsvegar for grunnvatnet frå innstrømnings- til utstrømningsområde.

6.5 Kvartærgeologi

Dei mest markante lausmassane i området består av skredmateriale/ur og morene (fig. 10). I ein sone nordaust og søraust for kjeldene er det breelvmateriale. Breelvmaterialet består av sandavsetningar.

Tiltaket kjem i hovudsakelig i kontakt med morene og rasmassar. Ein mindre del av traseen for vassleidningen kan koma i kontakt med breelvmateriale.

Det er ingen verneverdige lausmasseavsetningar som vert påverka av tiltaket.

6.6 Grunnvassforhold

Grunnvatnet som skal utnyttast har utspringet i lausmassar. Men det er ingen lausmassar oppstrøms kjeldene som er betydelige grunnvassforekomstar. Derfor er det klart at grunnvatnet drenerer frå grunnvassmagasin i fjell og ut i eit tynt lausmasssdekke

Vatnet har lite oppløyste mineral på grunn av berggrunnen som er dominert av lite forvitrelege mineral. Vatnet er datert ved hjelp av innhaldet av KFK-gassar. Sjølv om prøven var innsamla i ein nedbørsperiode var andelen reint grunnvatn stor nok til at det var mogeleg å gjennomføra analysen. Resultatet er at vatnet har vore i fjellgrunnen i 3 +/- 1 år.

Høgdeskilnaden frå fjellområda og ned til kjeldene på Reisæter er ca. 800 m og den horisontale avstanden til venta sentrum av innstrømningsområda er 2000 m. Typiske porøsitetsverdiar for grunnfjellsbergarter er 1 %. Dette indikerer ein hydraulisk konduktivitet i berggrunnen på i storleiksorden $8 \cdot 10^{-7}$ m/s, altså ein typisk verdi for moderat oppsprukke fjell.

Nydanning av grunnvatn er typisk i storleiksorden 5% av nettonedbør. Typisk nettonedbør er 2000 millimeter i året. Dette gjev eit nedslagsfelt på ca 2 km² for å få nydanna nok vatn til kjeldene.

Dette betyr at grunnvatnet hovudsakleg vert nydanna på 1100 til 1400 m høgde i områda rundt Revavatnet/Klokkekarane. Nydanningsområda for grunnvatnet ligg dermed i Folgefonna nasjonalpark.

6.7 Uttaksmengder og vassbalanse

Det vert søkt om ei øvre uttaksmengde på 100 m³/time. I første fase av prosjektet vil det vera aktuelt med mindre uttaksmengd (28 m³/t i 2010), men med potensiell rask opptrapping av uttaket.

Det estimerte nedslagsfeltet for kjeldene er 2 km². I tillegg til dei markante kjeldene er det mange kjeldeutspring langs lia i nordleg retning. Kjeldene drenerer til ein bekk, det er ikkje kjent at denne bekken har ikkje vore tørr. Sommaren 2006 var ekstremt nedbørsfattig, sjølv i slutten av tørkeperioden var det god vassføring. Bekken nedover får tilsig av grunnvatn frå sidene. Sjølv om ein nyttar alt vatnet der bekken startar vil den ikkje vera tørrlagd lenger nedover. Det er sett i gang eit prosjekt for å dokumentera vassføringa i bekken. Denne dokumentasjonen vil verta ettersendt.

7 Konsekvensar av tiltaket

7.1 Overflateavrenning


Det er ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon på dei hydrologiske tilhøva i kjeldeområdet. For å få ein indikasjon på forholda er det gjennomført hydrologiske modelleringar av overflateavrenninga i området.

Kjeldeområdet ligg like nord for Bleieelvi, og dannar utgangspunktet for ein sidebekk som renn saman med Bleieelvi omtrent 500 m ovanfor utløpet til Sørfjorden.

Det er utført berekningar for Bleieelvi og sidebekken frå kjelda. Nedbørfeltet til sjølve kjelda er eigentleg ein del av sjølve feltet til Bleieelvi, og er vanskeleg å vurdere isolert sett.

Dersom ein føreset at ein fjernar 30 l/s (108 m³/t) kontinuerleg frå kjeldebekken og at det ikkje er tilførsel av grunnvatn mellom kjeldene og samløpet med Bleieelvi kan ein rekna ut endringa i vassføring.

Påverknad av Bleieelvi



Figur 17. Teoretisk påverknad av nederste del av Bleieelvi ved uttak av 30 l/s frå kjeldene.

Figur 17. Teoretisk påverknad av nederste del av Bleieelvi ved uttak av 30 l/s frå kjeldene.

Figur 17 viser at i perioden mai til oktober vil den teoretiske vassføringa verta redusert med mindre enn 5 % av vassføringa i nedre del av Bleieelvi. Det er størst påverknad i mars pga lite vassføring i Bleieelvi. I praksis vil påverknaden verta mindre pga tilførsel av grunnvatn. Frå nærliggjande område er det berekna at av det totale avløpet, så utgjør grunnvasstilsiget i storleiksorden 50% (Wang og Colleuille, 2005). Grunnvasstilsiget er ikkje teke omsyn til når det gjeld bekken nedanfor kjeldene.

7.2 Jordbruk og botanikk

Legging av vassleidningar vil dels gå over dyrka mark. Ved å leggja vassleidningen frostfritt vil den liggja så djupt at vanleg jordbruksdrift (grasproduksjon) kan føregå som vanleg. Bekken nedanfor kjeldene er dels lagd om, den er lagt inntil grensa mellom dyrka mark og utmark. Bekken renn i all hovudsak i ein liten dal. Tørrlegging av bekken vil såleis ikkje påvirka grasproduksjonen i området.

Noko av vatnet i bekken vert brukt til drikkevatt for dyr. Tiltakshavar vil syta for at det er nok vatn til dette formålet. Mest truleg vil det ikkje vera mogeleg å samla opp alt vatnet frå kjeldene, derfor vil det vera nok vatn igjen til det som trengst for landbruksformål. Jorda langs bekken er sumpaktig i låge terrengparti og meir moreneprega lenger frå bekken. Om vassføringa i bekken vert mindre, vil ev. konsekvensar for vassstilgang for planter vera svært lokal. Det er ingen observasjonar så langt som tyder på at jordbruksdrifta vil verta påverka av tiltaket.

7.3 Ferskvassbiologi

Det meste av planlegginga har føregått på vinterstid. Når området vert snøfritt vil det verta gjennomført ei botanisk og ferskvassbiologisk gransking i og langs bekken. Det er ikkje registrert rødlistearter i området frå før. Dokumentasjon på dette vil verta ettersendt.

7.4 Vassforsyning

Heile området er tilkopla private vassverk. På Reisæter er det eit lite privat vassverk som tek vatn frå ei kjelde ca 500 m nord for kjelda som det vert søkt om konsesjon om. På Bleie er det eit større privat vassverk som tek vatn frå Hersæterkjelda. Begge kjeldene som vert nytta til vassforsyning ligg på tilnærma same høgdekote som Reisæterkjelda. Det er i utgangspunktet berre planlagt å nytta det vatnet som renn fritt frå kjeldene, det er derfor ikkje sannsynleg at tiltaket vil ha negativ konsekvens for vassforsyninga i området.

Nedanfor kjeldene er det registrert 2 brønnar (fig. 17) i brønnboringsarkivet (www.ngu.no). I tillegg er det kjent at det er minst 4 brønnar som vert nytta til energiføremål. Brønnane ligg langt frå kjelda på Reisæter og det er ikkje venta at tiltaket vil ha effekt på desse brønnane.

7.5 Setningsskader og rasrisiko

Det er ikkje påvist kohesjonsjordarter eller andre setningssvake jordarter i området. Det er heller ingen lukka akviferar/grunnvassmagasin som vil få endra trykkforhold som følgje av uttak av grunnvatn.

Vassleidningane vil kryssa eit område med stor snøskredfare. Leidningane må derfor leggjast så djupt at dette ikkje fører til fare for leveringstryggleiken. Ventilalar i inntaksområdet vil sørja for at vatnet kan stengjast i kjelda dersom det vert leidningsbrot.

Graving av grøft og omfyllingsmassar etter igjenlegging kan føra til ein konsentrasjon av dreinsvatn. I bratte terrengparti kan dette føra til ein fare for utglidning av lausmassar. Denne risikoen vil verta ivareteken ved planlegging og utføring av anleggsarbeidet.

7.6 Avløp

Tiltaket vil ikkje ha negativ innverknad på avløpssituasjonen i området. Det er ikkje offentleg avløpsnett og det er venta at kvart hus har egne spreiegrøftar. Brot på vassleidningen kan i korte periodar føra til overflateavrenning. Terrengtet er så ujamnt at dette vatnet vil renna ned i bekkefar og ikkje føra til overvatn i spreiegrøftar.

7.7 Forureina grunn

I tiltaksområdet er det ikkje registrert eigedomar med forureina grunn (www.sft.no). Fabrikken på Hovland er registrert i databasen til SFT. Ullensvang herad har godkjent arbeidet med tilrettelegging av infrastruktur og det er venta at forureingsspørsmålet er handsama i den samanheng.

Sørfjorden har forureina sjøsediment. Sjøleidningen over fjorden medfører ikkje mudring eller dumping og vil såleis ikkje verta omfatta av spesielle tiltak.

7.8 Påverknad på andre tiltak

Det er planar om eit minikraftverk i elva Strutåna. Vassføringa i dette vassdraget vil ikkje verta påverka av grunnvassuttaket.

7.9 Folgefonna Nasjonalpark

Kjeldeområdet ligg tett opptil Folgefonna Nasjonalpark. Tekniske inngrep er ikkje planlagt innanfor nasjonalparken. Det kan vera aktuelt å søkja om å få gjerda inn eit mindre område i nedre del av nasjonalparken for å sikra kjeldeinntaket. Dersom brønnboringa ikkje fører til ønskt resultat, kan det også vera aktuelt å søkja om å få dekkja til eit mindre område av ura like innanfor grensa til Nasjonalparken. Desse eventuelle tiltaka vil berre vera synlege på nært hald.

7.10 Kulturminner

Det er ingen kjente kulturminner som vert påverka av tiltaket.

7.11 Biologisk mangfald (samandrag)

Søknaden om uttak av kjeldevatn frå Reisæter er basert på borhol eller uttak frå kjelder på Reisæter (500-530 moh). Vatnet vil bli ført i røyr i grøft ned til Sørffjorden og i røyr langs botnen over til austsida av fjorden. På austsida av fjorden vil det vere eit vassinntak til næringsområdet på Hovland der vatnet vil bli tappa på flasker.

Det er gjort registreringsarbeid i den aktuelle delen av nedslagsfeltet til Bleieelva. Det er ved arbeidet registrert verdifull vegetasjon ved sjølve kjeldene.

Omfanget av tiltaket er lite, og det vil gje liten verknad for biologiske verdiar. Tiltaket vil ha ein liten negativ verknad for biologiske verdiar i kjeldeområdet.

8 Avbøtande tiltak

Slik prosjekt er planlagt vil det tidvis føra til redusert vassføring i kjeldebekken. Det er vist til at grunnvasstilsiget syter for minimumsvassføring i bekken lenger nede. Vatnet i bekken vert nytta til drikkevatn for husdyr. Det er ikkje truleg at oppsamlinga av vatn i kjeldene vil fanga opp alt vatnet. Derfor vil det vera nok vatn på beiteområdet til at husdyra har tilstrekkeleg drikkevatn. Om det syner seg å ikkje vera tilfelle vil Hardanger Industripark AS skaffa dette vatnet. Den enklaste løysinga vil vera å nytta noko av vatnet frå brønnane til drikkevatn for husdyr. Dersom det på seinare tidspunkt er ønskjeleg å få meir vatn i kjeldebekken, kan det også overførast vatn frå Bleieelvi.

Det er svært lite truleg at tiltaket vil innverka på vassforsyninga i området. Dersom der vert negativ påverknad vi dette vera ei sak som skal byggja på

8.1 Minstevassføring

Basert på lågaste vassføring målt i januar 2007 vert det søkt om ei minstevassføring på 0,9 l/s. Målepunktet for minstevassføringa vil vera i punktet der landbruksvegen kryssar kjeldebekken. I dette målepunktet vart det målt ei vassføring på 3,4 l/s i januar 2007 (sjå figur 17).

9 Konklusjonar

9.1 Positive konsekvensar av tiltaket

- Næringsutvikling basert på bærekraftig bruk av lokale ressursar
- Effektivt vern av landskap og uberørte naturområde

9.2 Negative konsekvensar av tiltaket

· *Potensiell vassmangel i periodar i bekk nedanfor kjeldene, avbøtande tiltak kan vera aktuelle.*

Noko restriksjonar på landbruksaktiviteten pga. vern av vasskjelda

Handsaming av søknaden

Søknaden er handsama etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter § 8, jf. også § 45. Søknaden er sendt på høyring og kunngjort i "Hardanger Folkeblad" og "Bergens Tidende". I tillegg låg søknaden til offentleg gjennomsyn på Heradshuset i Kinsarvik og i Sparbutikken på Nå fram til 20.august 2007.

Nedanfor er det gitt ei oppsummering av dei einskilde høyringsuttalene og med HIAS sine merknader desse, slik det vart kommentert i brev frå dei av 14.09.2007:

Ullensvang Herad handsama saka i heradstyret 25.06.2007

Ullensvang Herad set som vilkår at tiltaket skal utformast skånsamt utan varige/synlege sår, at ev. inngjerding skal vera flettverksgjerde, at det skal vera ei minstevassføring i bekkane i området, at ferdsla i tilkomstvegen skal vera regulert og at det skal vera ferdig reguleringsplan for heile tiltaket.

Kommentarar frå HIAS

"Det er også i søkjars interesse at tiltaket vert utforma på ein estetisk god måte. Krav til bygningar og gjerde vil verta følgt etter krav frå heradet. I konsesjonssøknaden er det søkt om ei minste-vassføring i kjeldebekken. Kommentrane i punkta over utdjupar dette. Reguleringsplanen er under arbeid. Alle krav frå heradet vil dermed vera imøtekomne."

Norges geologiske undersøkelser (NGU), brev datert 13.07.2007

NGU uttalar at konsesjon kan ikkje gjevast før dei bora brønnane er innrapportert til NGU.

Kommentar frå HIAS

"Boringane vart gjennomført etter at konsesjonssøknad var sendt. Brønnane som er/skal verta bora i området er reinte tekniske inntaksarrangement, ikkje brønningar i vanleg forstand. Boringane er innrapportert til NGU med registreringsnummer 46430-46435."

Kystverket Vest, brev datert 28.06.2007

Kystverket ber om at reguleringsplanen tek inn at tiltak som fell inn under havne- og farvannsloven skal godkjennast av Kystverket.

Kommentar frå HIAS

"Denne kommentaren går ikkje direkte på konsesjonssøknaden, men vil sjølvsagt ta dette punktet med i reguleringsplanen."

Vigleik Bleie og Einar Eiterheim, brev datert 23.08.2007

Bleie og Eiterheim gjer merksam på at det til vanleg er to grunneigarar som tek vatn frå bekken som kjem frå kjeldene på Reisetar til vatning. Dei nemnar òg at det er eit kraftverk i Bleieelva under planlegging der vatn frå kjeldebekken vil verte ein viktig del av minstevassføringa om vinteren.

Kommentarar frå HIAS

"Både hydrologisk berekning og feltnmålingar har vist at ein har lågvassføringa i bekken på seinvinteren. Vatning føregår i vekstsesongen, frå mai til august. I denne perioden er det mykje

smelting av isen/snøen på Folgefonna som vil føra til at den reelle avrenninga i området er større enn det som ein kan berekna på grunnlag av nedbør. Når det er behov for vatning vil det vera varmt og tørt, altså vil tilgangen på smeltevatn vera stor i desse periodane. Smeltinga i høgfjellet påverkar også kjeldebekken. Frå søkjar si side kan ein ikkje sjå at tiltaket skal kunna bety noko for tilgangen på vatn til vatning. Dersom tiltaket viser seg å påverka eller gjera at tilgangen på vatningsvatn vert for liten, vil søkjar ta ansvar for å skaffa tilstrekkeleg med vatn til formålet.”

Kommentar i høve til planlagt kraftverk

”Ved uttak av 100 m³/time (ca 30 l/sek) er det berekna at dette kan redusera vassføringa i Bleieelva med 35 % i ein kort periode på vinteren. Frå mai til oktober er det berekna at vassføringa i Bleieelva vert redusert med under 5 % som følgje av tiltaket. Det er klart at tiltaket vil påverka minstevassføringa i Bleieelva, men søkjar kan ikkje sjå at uttaket av vatn er så stort at det fører til synleg endring av minstevassføringa i Bleieelva. Det er kommentert at bekken nedanfor kjeldene vil nærast vera tom i store deler av året med eit uttak på 100 m³/time.

Som nemnt over har ein lågvassføring i perioden februar-mars. Det er søkt om ei minstevassføring i bekken. Dette vil gjera at det alltid er vassføring i bekken. I bekken nedanfor punktet for måling av minstevassføring er det eit tilsig av grunnvatn. Derfor vil bekken forbi den dyrka marka alltid vera høgare enn omsøkt minstevassføring.”

Ingebjørn Bleie/Arnhold Bleie, brev datert 19.08.2007

Det er kommentert at tiltaket kan føra til konsekvensar for kraftverket som er under planlegging, enten som redusert vassmengd for kraftproduksjon, eller som visuell effekt ved redusert restvassføring i elva. Dette avheng av om inntaket til kraftverket kjem ovanfor eller nedanfor vassuttaket til industriparken.

Kommentar frå HIAS

”Vassinntaket kjem ovanfor der kjeldebekken kjem inn til Bleieelva. Tiltaket vil derfor ikkje ha direkte betydning for kraftproduksjonen. Minstevassføringa i Bleieelva er kommentert over.”

I tillegg til dei spesifikke merknadane til høyringsuttalene hadde HIAS i brevet også nokre kommentarar av generell art:

”Hardanger Industripark AS vil med det første senda konsesjonssøknad for å nytta ”Herseterkjelda” i tillegg til den omsøkte kjelda på Reiseter. Herseterkjelda dannar også ein kjeldebekk, denne bekken renn ikkje inn mot Bleieelva. Den samla produksjonen er ikkje planlagt å verta større enn det som er søk om for kjelda på Reiseter. Dersom Hardanger Industripark får denne konsesjonen i tillegg til den på Reiseter vil dei synlege effektane i kjeldebekkane verta mindre enn det som er omsøkt for gjeldande konsesjonssøknad.”

Synfaring i tiltaksområdet og etterfylgjande innspel

NVE gjennomførte synfaring i tiltaksområdet den 17.09.2007. Representantar for HIAS og grunneigarar var med på synfaringa. Etter gjennomgang av merknader frå synfaringa, bad NVE i brev datert 20.09.2007 om supplerande informasjon om avklaring med berørte grunneigarar og verknader for ulike rettar knyta til vassressursen.

Tilbakemelding er gjeve i brev til NVE, datert 22.10.2007, frå HIAS v/advokat Tom Berge. Berge viser til møte med grunneigarane langs med Bleie- og Vetlaelva (kildebekken) der opne spørsmål vart drøfta. I brevet frå Berge er det gjeve slik oppsummering:

"Mest konkret tilknyttet vannuttak i Vetlaelva etter denne konsesjonssøknad er spørsmålet om overføring av vann fra Vetlaelva til Bleieelva for å sikre en minstevannføring etter kraftutbygging i Bleieelva. Etter det opplyste er det her tale om minstevannføring om vinteren. Effekten av vårt vannuttak er vurdert og beskrevet av Cowi i brevet av 14.sept.

Spørsmålet om sikring av en minstevannføring i Bleieelva ved overføring av vann fra Vetlaelva innebærer reelt sett en regulering og må i så fall inn som en del av den konsesjonssøknad som måtte fremmes i fremtiden om et kraftverk.

HLAS er imidlertid, dersom det er grunnlag i vår lovgivning, villig til å betale den erstatning som en skjønnsrett måtte fastsette til kraftverkseieren som følge av HIAS uttak av vann fra vassdraget. Jeg håper at ovenstående sammenholdt med Cowi's brev av 14.09.07 og møtereferat dat. 02.10.07. gir tilstrekkelig avklaring og dokumentasjon for at de ulike forhold mellom grunneiere og rettighetshavere og HIAS er avklart, og at søknaden kan gis sin sluttbehandling".

Saman med brevet frå Berge vart det også oversendt referat frå eit drøftingsmøte mellom HIAS og berørte grunneigarar på vassdragsstrekkinga.

Vigleik Bleie og Einar Eiterheim har i brev datert 04.11.2007 gjeve ei tilleggsfråsegn i saka der dei, med å vise til brevet datert 22.10.07 frå HIAS, peiker på at ikkje alle privatrettslege tilhøve er avklara. Dei ser for seg at dei vil oppnå naudsynte avtaler, men ynskjer at desse er på plass før det vert gjeve konsesjon til vassuttak som omsøkt.

Fylkesmannen i Hordaland uttala seg til søknaden lenge etter at høyringsfristen var gått ut, jf. brev av 21.11.2007. Fylkesmannen viser til den uttale dei har gjeve i høve til oppstartsmelding for reguleringsplanen ved Reisæter. Fylkesmannen meiner at dei inngrepa som er planlagde i området må sjåast i samanheng. Av omsyn til dette anbefaler fylkesmannen at det vert utarbeidd ein eigen reguleringsplan og at handsaminga fylgjar reglane i plan- og bygningslova. Ut over dette har ikkje fylkesmannen merknader til søknaden.

HLAS har ikkje kommentert brevet frå fylkesmannen. Dei er heller ikkje oppmoda til dette frå NVE si side, då fylkesmannen sine merknader etter vårt syn ikkje inneheld noko vesentleg nytt.

Norges vassdrags - og energidirektorat (NVE) sine merknader

Søkjar

Søkjar er Hardanger Industripark AS (HLAS).

HLAS er eigd av Ullensvang herad (50 %) og Røyndstrand Eigedom AS (50 %). Selskapet er skipa for m.a. å skapa nye arbeidsplassar i ein nedlagd fabrikk på Hovland i Ullensvang Herad.

Bakgrunn for søknaden

HLAS er eigar av ein nedlagd fabrikk på Hovland som skal byggjast om til eit tappeanlegg for mineralvatn. Som kjelde til anlegget skal det nyttast grunnvatn frå kjeldeområdet på Reisæter. Tiltaket vil medføre oppretting av ca. 20-25 arbeidsplassar. Regionen har stort behov for nye industriarbeidsplassar etter at store bedrifter er lagt ned dei seinare åra. Tiltaket har brei politisk støtte, både frå Ullensvang herad og frå Hordaland Fylkeskommune. I planlegginga av prosjektet er det gjeve støtte frå Hordaland fylkeskommune.

Føremålet med uttaket er produksjon og sal av mineralvatn. Det er planlagt ei gradvis opptrapping av uttaket fram til 2010 då det maksimalt vil kunne komme opp i ca. 30 l/s. HIAS søker difor om løyve til å ta ut opptil 100 m³ på time (30 l/s) frå grunnvasskjeldene.

Søknaden gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova for uttak av grunnvatn frå eit kjeldeområde på Reiseter i Vikebygd i Ullensvang Herad. Det blir i søknaden vist til § 44 i vassressurslova, og at råderetten over grunnvatnet skal utøvast i samsvar med krava etter §§ 10 (*vassuttak og minstevassføring*) og § 15 (*supplerande reglar om grunneigarens vassuttak*).

NVE vil her syne til at det planlagde vassuttaket langt overstig det som er naturleg å drive med på eigedomen, slik at det vert fanga opp av vassressurslova § 45, 2. ledd, pkt. b, slik at dette i seg sjølv gjer tiltaket konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8.

Det kan vidare settast krav til minstevassføring etter ei konkret vurdering der trongen for å sikre vassføring vert vurdert i høve til verknader for allmenne interesser, jf. vassressurslova § 10.

Når det gjeld andre grunneigarar som kan verte råka av tiltaket i høve til eige vassuttak til fast hushald og/eller husdyr, gjeld vassressurslova § 15, 2. ledd. Dersom det omsøkte tiltaket fører til for lite vatn for dei det gjeld i periodar av året, må HIAS redusere vassuttaket slik at desse interessene vert sikra framfor vassuttak til industrivatn.

NVE handsamar søknaden med grunnlag i at tiltaket vil bli gjennomført utafor grensa til nasjonalparken, og at sjølve bygge- og anleggsarbeida i det vesentlege blir lokalisert innfor eit område der det frå før er gjennomført ulike inngrep knytt til eksisterande landbruksdrift i området. Reguleringsplanen som er under utarbeiding for planområdet vil i det vesentlege kunne avklare det endelege omfanget av arealbruken.

Teknisk plan

Grunnvasskjeldene som skal nyttast ligg på Reisæter, gnr/bnr 53/3 på vestsida av Sørfjorden. Det er planlagt uttak frå 3 kjelder og minst 2 borehol. Frå uttaket blir vatnet ført gjennom ein røyrleidning på 6 km til tappeanlegget på Hovland som ligg på austsida av Sørfjorden. Uttaket frå kjeldene vil direkte få verknad for vassføringa i "Kjeldebekken" som er ein sidebekk til Bleieelva. Uttaket vil over noko tid kunne bli på maksimalt 30 l/s. Frå kjeldeområdet som ligg 510 – 530 moh og ned til Bleie, blir samla lengde på røyrleidningen ca 2350 m i plan før samankopling med sjøleidningen over til Hovland.

På taperiet skal vatnet fyllast på flasker. Teknisk infrastruktur for å kunna få lasta ferdige produkt på båt er under opparbeiding. Flaskevatnet er planlagt for den europeiske marknaden.

Ved etablering av anlegget for oppsamling av grunnvatn blir det nytta eksisterande landbruksvegar. Ein kort tilkomstveg må byggjast som vidareføring fram til uttaksstaden der det blir etablert ein oppsamlingskum og eit lite bygg.

Kjeldene ligg i beitemark med spreidd lauvskog. Uttakspunkta må vernast ved inngjerding av næraste området der det ikkje vil bli tillate med annan aktivitet enn det som er knytt til drift av anlegget.

Eksisterande tilhøve i og omkring vassdraget

Ullensvang Herad peikar på at tiltaket er planlagt i eit område som blir karakterisert som eit mykje viktig og godt vørdsla kulturlandskap. Kommunen viser også til at området er ein del av Vikebygdkrinsen som er med i eit pilotprosjekt som er omtalt som landskapspark. Føremålet med pilotprosjektet er å ta vare på natur- og landskapsverdiane i området og nytta dette som grunnlag for

næringsutvikling. Kommunen vurderer søknaden om uttak av grunnvatn som eit godt tiltak for næringsutvikling, men føreset at tiltaket ikkje får negative verknader for miljøverdiane i området.

I kommuneplanen for Ullensvang har tiltaksområdet status som LNF-område. For to planlagde minikraftverk, Strutåna og Reiseter, er det i NVE gjort vedtak om konsesjonsfritak. Det har vidare vore kontakt med NVE om ytterlegare planar for småkraftverk i nedre del av Bleieelva.

Kjeldeområdet er nytta til beitemark og vedhogst. Det er frå før bygd landbruksvegar som vil bli nytta for gjennomføring av anleggsarbeidet.

Frå kjeldeområda er det etablert vassuttak til husholdning og husdyr i nærområdet. Det er også vist til at det for jord- og hagebruk i området er viktig med tilgang på vatn for vatning av areala om sommaren.

I søknaden er det vist til at kjeldene og uttaksområdet ligg nær grensa til Folgefonna nasjonalpark. I høve til INON (inngrepsfrie område) er det opplyst at tiltaket vil medføre ein reduksjon på ca 0,5 km².

Verknader av tiltaket

Bekken som blir danna i området ved dei planlagde vassuttaka renn ned i Bleieelva. Vassuttaket vil i noko grad påverke vassføringa i Bleieelva. Med grunnlag i framlagde hydrologiske data vil verknaden i sommarhalvåret bli liten, med ein reduksjon under 5 %. Om vinteren kan eit uttak på 30 l/s i periodar redusere vassføringa i nedre del av Bleieelva med opp til 35 %. I desse tala er det ikkje teke omsyn til at det naturleg også er noko tilsig til bekken nedanfor vassuttaket. Det er planlagt at uttaket ikkje skal overstiga det som i dag drenerar frå grunnen i området. Tiltaket skal derfor ikkje kunne overbelaste grunnvassmagasinet.

Det hydrologiske materialet for sjølve kjelda/-bekken er ikkje basert på målingar over lenger tid, men er i noko grad basert på hydrologisk modellering. NVE finn likevel at hydrologiske materiale og vurderinga av dette, slik det er lagt fram i søknaden, gjev informasjon som er akseptabel for å kunne vurdere verknader som tiltaket vil gje for vassdraget og interesser knytt direkte til "Kjeldebekken" og Bleieelva. Nedbørfeltet til sjølve kjelda er eigentleg ein del av sjølve feltet til Bleieelvi, og er vanskeleg å vurdere isolert sett. Dette er det også peika på i søknaden.

I søknaden er det gjort framlegg om 0,9 l/s som fast minstevassføring. Det er i tillegg ikkje rekna med at oppsamlinga av vatn vil fange opp alt vatnet som drenerer til kjeldebekken. Det vil såleis vere att ei naturleg og varierende restvassføring i bekken nedover til samløpet med Bleieelva. Det må vil likevel reknast med lengre periodar då tilsiget frå restfeltet blir så lite at vassføringa, på den øvre strekkja av "Kjeldebekken", blir dominert av det som blir fastlagt som minstevassføring. I den biologiske mangfaldrapporten er det vist til at det i sjølve kjeldeområdet er ein verdifull vegetasjon som er mykje fuktavhengig.

Ved etablering av anlegget blir det nytta eksisterande landbruksvegar. Ein kort tilkomstveg må byggjast som vidareføring fram til uttaksstaden. Kjeldene ligg i beitemark med spreidd lauvskog. Uttakspunktet må vernast ved inngjerding av næraste området der det ikkje vil bli tillate med annan aktivitet enn det som er knytt til drift av anlegget.

For vassdragsanlegget vil det vere viktig med strenge krav til gjennomføring av byggeprosjektet. Slike krav må gjelde for alt anleggsarbeid og omfatte ulike detaljar knytt til bygningar, røyrgate og andre terrenginngrep. Målsettinga må vere at gjeldande tilstand for natur- og kulturlandskapet, med det ferdig utbygde anlegget, ikkje i nemnande grad skal bli endra i negativ lei.

NVE si vurdering

I NVE si konsesjonshandsaming inngår verknad av grunnvassuttaket og verknader som vassuttaket vil kunne få for vassressursen i sjølve kjeldebekken og Bleieelva. I NVE si vurdering blir det lagt avgjerande vekt på at det i denne saka ikkje er noko opplagt skilje mellom det som etter vassressurslova kan definerast som grunnvasstiltak og vassdragstiltak. Det samla tiltaket er såleis konsesjonspliktig etter § 8 i vassressurslova både for den delen som gjeld råderett over grunnvatn, jf. vassressurslova § 45 b) og vassdragstiltak, jf. § 3 a).

Det er venta at det planlagde vassuttaket på maksimalt 30 l/s vil gje grunnlag for å opprette ca. 20-25 nye arbeidsplassar. Regionen har stort behov for nye industriarbeidsplassar, etter at store bedrifter er lagt ned dei seinare åra, og forventningane til dei positive verknadane av kjeldeprosjektet er såleis store.

NVE legg vekt på at søkjar har presisert at tiltaket ikkje skal medføre situasjonar der det kan blir knapt med vatn til hushald og husdyr eller til vatning på aktuelle jordbruksareal i området, jf. her vassressurslova § 15.

Det har ikkje komme avgjerande innvendingar til at det blir gjeve løyve til det planlagde vassuttaket.

Uttaket vil bli knytt direkte mot kjelda til ein sidebekk ("Kjeldebekken") til Bleieelva. Uttaket vil over noko tid kunne komme opp til maksimalt uttak på 30 l/s. Det er planlagt fleire borehol det kan takast ut vatn frå og/eller som inntak direkte frå kjelder som strøymer fritt i terrenget. Det er NVE si vurdering at det samla grunnvass-/og vassdragstiltaket omfattar anlegget både for sjølve uttaket av grunnvatn og røyrleidningen ned til samankopling med sjøleidningen ved Bleie.

NVE vurderer det slik at vassuttaket særleg vil kunne få verknad for vassføringa i "Kjeldebekken". Uttak som grensar opp til det som er maksimalt planlagt uttak, vil i periodar kunne tørrelegge bekken rett nedanfor uttakspunktet. For å hindre tørrelegging er det planlagt å sleppe ei minstevassføring på 0,9 l/s. Sjølv om det frå søkjar er presisert at det skal sikrast tilgang på vatn, slik kravet er etter vassressurslova § 44, jf også §§ 10 og 15, er det NVE si vurdering at det må sikrast ei minstevassføring frå hovudkjelda som er tilstrekkeleg for å motverke uheldig verknad for det velutvikla plante-/mosedekke nærast kjelda.

Ei minstevassføring vil, saman med tilsig til bekken lenger nede, sikre ei samanhengande vassføring frå kjelda og ein viss dynamikk med noko vekslende vassføringar gjennom året. Det er i vurderinga også lagt vekt på at uttaket i det planlagde prosjektet ikkje vil omfatte all vassmengde som vil gå i kjeldebekken utover fastsett minstevassføring. Særleg om sommaren vil vassuttaket i liten grad verte merkbar vidare nedover i vassdraget. NVE vurderer det slik at verknaden for vassføringa i Bleieelvi blir moderat og med avgrensa skadeverknader.

Tiltaket vil utanom vassuttak og redusert vassføring, medføre terrenginngrep med røyrgate og etablering av bygningsmessige konstruksjonar. Det er NVE si vurdering at det meste av terrenginngrepa vil vere mogleg å gjennomføre slik at resultatet kan bli i samsvar med forventningar som heradet har gjeve uttrykk for i si høyringsfråsegn. For bygningsmessige konstruksjonar ved inntaket m.v. må det leggjast føringar med grunnlag i ei målsetting om at det landskapsarkitektoniske resultatet skal bli best mogleg.

NVE meiner at det omsøkte grunnvassuttaket og vassdragstiltaket ikkje i avgjerande grad vil medføre negative fylgjer for allmenne eller private interesser. Fordelar ved tiltaket vil vere store gjennom at vassuttaket genererar ei vesentleg verdiskaping på sjølve vassressursen, og gjennom etablering av eit relativt stort tal nye industriarbeidsplassar.

NVE vurderer det slik at det samla tiltaket til å ha ei vesentleg overvekt av positive verknader på grunn av formålet med søknaden.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering av framlagte planar og dei fråsegner som ligg føre, konkluderer NVE med at fordelane og nytten ved tiltaket, er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet etter vassressurslova § 25 er oppfylt.

Hardanger Industripark AS får derfor løyve etter § 8 i vassressurslova til uttak av grunnvatn og etablering av tilhøyrande vassdragsanlegg slik som planlagt frå kjeldeområdet på Reisæter gnr/bnr. 53/3 i Ullensvang herad.

Kommentarar til vilkåra:

Post 1 Grunnvassuttak og minstevassføring

Det vert gjeve løyve til at HIAS kan ta ut opp til 100 m³/time eller 30 l/s. Vassuttaket skal kunne dokumenterast på førespurnad.

Registreringane av biologisk mangfald i kjeldeområdet viser eit velutvikla kjeldesamfunn med plante-/mosedekke. Det er såleis viktig at reduksjonen i vatn frå kjelda til overflata ikkje blir redusert så mykje at det medfører vesentlege negative verknader for denne vegetasjonen. NVE vurderar det slik at 0.9 l/s ikkje vil vere tilstrekkeleg og fastset ei minstevassføring til "Kjeldebekken" på 3 liter/sekund frå uttakspunktet ved kjelda på Reisæter. Dette er ei verdi som om lag samsvarar med den verdien som vart målt som lågvassføring i januar 2007.

NVE føreset at konsesjonæren ved etablering og drift av tiltaket følgjer opp med registreringar slik at grunnvasskjelda sin kapasitet over tid kan bli dokumentert. Dersom det visar seg at grunnvassuttaket vert større enn det som grunnvassmagasinet tåler, må HIAS redusere vassuttaket slik at det ikkje overstig kapasiteten til magasinet, jf. vassressurslova § 44, 2. ledd.

Post 4 Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljplanar for anlegget skal godkjennast av NVE. Planane skal sendast til NVE sitt regionkontor i Førde og arbeidet med anlegget skal ikkje starte opp før godkjenning skal ligge føre. Detaljplanane for vassdragsanlegget vil omfatte alle tiltak og bygningsselement knytt til inntaksområdet ved kjeldene, røyrleidning og traseen for denne ned til overgang og samankopling med sjøleidningen ved Bleie.

Post 5 Hydrologiske undersøkingar

NVE føreset at konsesjonæren etablerer rutinar for å fylgje med i variasjonen i grunnvassnivået/-tilsiget under drift for å sikre at det ikkje blir teke ut meir enn det grunnvassmagasinet toler.

Post 7 Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at søkjar avklarar med fylkeskommunen om det er freda kulturminne som tiltaket kan få verknad for.

Andre merknader

Fylkesmannen har gjeve innspel på at det må utarbeidast reguleringsplan etter Plan- og bygingslova (PBL) for arealbruken som blir aktuell for gjennomføring av vassdrags- og grunnvasstiltaket.

Ullensvang Herad har tidlegare gjort vedtak om at det skal utarbeidast privat reguleringsplan for tiltaket. NVE vurderer det slik at føremålet med reguleringsplan i denne saka må vere å sikre presise rammer for arealbruken og ev. også sikre grunnlaget for å kunne ekspropriere areal der det ikkje ligg føre turvande avtaler med aktuelle grunneigarar. I vedtekter til reguleringsplanen kan heradet også

leggje inn føringar for utforming av bygg og anlegg. Uavhengig av kva for arealplanprosess som blir gjennomført, vil vassdrags- og grunnvassanlegget komme inn under unntaket for byggesakshandsaming for konsesjonsgjevne anlegg slik det går fram av *Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker* (Plan- og bygningslova).

Når det gjeld dei merknadene som har kome og som omhandlar mogleg tapt vatn til kraftproduksjon, dersom det vert gjeve løyve til kraftverk i vassdraget seinare, ev. om vassuttaket påverkar restvassføring nedanfor kraftverket, er dette etter vårt syn ikkje avgjerande for vår vurdering i denne saka. Desse spørsmåla må avklarast direkte mellom partane. Det same gjeld bruk av skogsbilveg og ev. anna bruk som omfattar andre sine retter.